



Nydelege framføringar av denne kvartetten gav bøkkerkvelden ein perfekt start.

Den gode musikken som vart framført var hovudgrunnen til den flotte stemninga som vart skapt under bøkkerkvelden på Rød laurdag kveld. Musikken var også ei av årsakene som Kristian Bringedal trekte fram til suksessen då han tok eit historisk tilbakeblikk. I tillegg nemnde han menyen og at det kom folk frå alle bygder.



Den flotte musikkstarten vart glimrande fulgt opp av Tønnebandet.

Den første bøkkekvalden vart arrangert i 1996, og den har deretter vore arrangert kvart år med unntak av 2011. Imponerende!! Dermed var det den 21. bøkkekvalden som vart arrangert, og ikkje den 20. slik arrangørane trudde på førehand. Dei har dei siste åra sagt at det vert 20 kveldar i denne forma, og så vert det forandring. Heldigvis hadde dei rekna feil!! Eg meiner den 21., altså bonusarrangementet, er den beste bøkkekvalden eg har vore på!

Etter at kvelden hadde vorte opna på tradisjonsrikt vis med 'Vestland, Vestland' som saksofonsolo av Thomas Nøkling og velkomstord av godseigar Halvard J. Rød og leiglending Kristian Bringedal, fekk kvelden ein flying start med første musikkinnslag. Eg har ikkje vore på alle dei 20 føregåande kveldane, men eg tør likevel å påstå at aldri har dette tradisjonsrike arrangementet fått ein betre og vakrare programstart. Eg fekk full støtte av bøkkekvaldgjengangar og konsertarrangør Magne Huglen på dette! Far Håkon Røstbø(gitar, song) og døtrene Ingrid(song) og Astrid Fjellandsbø Røstbø(gitar og song) gav publikum ein nydeleg konsertavdeling saman med bassisten Ove Eikemo.

Dei starta med ein herleg versjon av Bob Dylan-låten 'To make you feel my love' med dei flotte stemmene til dei to jentene i førarsetet. Etter det gjekk dei over til sjølvlagde stoff. Vi fekk først to låtar som beviste at Astrid også er ein særdeles dyktig songwriter. Først fekk vi ein stemningsfull vakker popballade om mislukka kjærleik før dei gjekk over ein meir fartsfylt og countryinspirert song der også kjærleik var tema.

Etter desse tre låtane overtok Håkon hovudvokalen. Då vart det funkier blues der vi m.a. fekk vakre vokalharmoniar ved vakker koring av dei to døtrene. Herleg!!

- Fantastisk! Dette er fantastisk, gjentok ein imponert Magne Huglen ved sida av meg medan dei fire dyktige musikaner fekk velfortent trampeklapp etter siste låt. Heldigvis drog dei fram eit ekstranummer. Også etter det ville publikum ha meir, og eg trur mange tenkjer som meg: Eg håpar eg får høyra dei snart att!



Publikum frå mange bygder storkosa seg.



Nokre var gjengangarar og nokre var debutantar.

Den store musikkvelden fortsette med Borge Olsens kvintett, som vart døypt om til det passende namnet Tønnebandet i løpet av kvelden. Med same besetning som dei siste åra var bandet samansett av to blad Borge Olsen og 3 frå jazzkvartetten BATS: Kjell Borge Olsen (slagverk), Bjarne Øymyr (tangentar), Leif Henrik Borge Olsen (gitar), Thomas Nøkling (saksofon) og Alex Grieg (kontrabass). Kjell Borge Olsen har spela på 20 bøkkerveldar. Fantastisk!! I 2011 var han i Tyskland, og då måtte arrangementet avlysast. Det viser kva betydning han har hatt for dette tradisjonsarrangementet.

Det gode spelehumøret var på plass frå første tone, og som vanleg spela dei velkjende og publikumsvennlege

standardlåtar. Dette er musikk som denne gjengen kjenner betre enn si eiga bukselomma, og det gjer at dei framfører dei med overskot og stemningsskapande humør. Vi fekk oppleve imponerande, halsbrekkande og leikne soloar på dei ulike instrumenta medan den 78 år gamle veteranen Kjell heldt stødig takt med stikker og vispar på trommesettet.

Innimellom all den gode musikken instruerte Dag Helland i lubbesildeting før serveringa starta. Menyen var som alltid lubbesild, poteta med skalet på og flatbrød. Seinare på kvelden var det marsipankake og kaffi. Elin Legland hadde eit kjekt kåseri om opplevingar frå barndommen. Besto og besten hennar var sentrale, men også barndomsvenner fekk plass i kåseriet. Som ansukeleggjering sende ho rundt både bilete og anna som t.d. høy i ein konvolutt som vi kunne lukta på.



Elin Legland hadde eit kjekt kåseri.



Urframføring av Jens Bøkkar, Halvard Rød(t.v.) og Kristian Bringedal.

Det var også ei urpremiere. Kristian Bringedal og Halvard Rød framførte 'Jens Bøkkar', ein tekst som Olaf Agnar Gausvik hadde skrive til anledningen til melodien 'Waltzing Mathilda'. Gausvik skriv gode, lett sangbare tekstar, og denne håpar eg vert brukt ved fleire anledningar, gjerne med instrumentalt tonefølgje. Heilt på sin plass var det at Kristian Bringedal vart heidra denne kvelden. Han har vore bøkkervelden personleg gjennom meir enn 20 år. Det er imponerende at dette har blitt gjennomført, og utan han hadde det aldri skjedd. Har vart overrekk ei bok med turtips, og ein kunne vel knapt funne noko som passa betre for den bokglade og reiselystne pensjonisten.

Ein god time uti sundagen tona det siste jazztonane ut, og vi kunne gå heim med lovnad om at det vil verta bøkkerarrangement også i åra framover, men i ei anna form. Kanskje vert det barnebøkkar om dagen og eit arrangement for vaksne om kvelden?

På veg heim tenkte eg at om dei føregåande bøkkerveldane har fått karakteren 5, gjev eg glatt denne 6+. Det var ei skikkeleg pangavslutning for bøkkerveldar i denne forma!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland



Kjell Borge Olsen har styrt musikken på 20 bøkkekvaldar. Imponerende!!